

## SAK 4 Arbeidsprogram, Hordaland ungdomslag, 2025

I arbeidsprogrammet for 2025 ynskjer Hordaland ungdomslag å vidareføre hovudpunkta frå 2024.

### 1. Engasjert fylkeslag

Fylkeslaget har starta ei opptrapping av aktivitet i 2024, og i 2025 skal aktiviteten auke. Målet er at aktiviteten i fylkeslaget skal komme lokallaga til gode. Deltakarar på aktivitetar i fylkeslaget skal komme attende til sitt lokallag med auka engasjement, ny kunnskap og nye relasjonar. Slike opplevingar vil òg føre til større engasjement for fylkeslaget.

Dette skal fylkeslaget gjere gjennom å:

- Arrangere leiarsamling for lokallagsleiarane i fylket
- Arrangere organisasjonskurs der eit av temaa er medlemsregistrering
- Bidra med økonomisk stønad til lokallagsaktivitetar etter søknad

### 2. Nettverk

Å ha gode relasjonar til andre lokallag kan føre til utveksling av kunnskap og ressursar, samt at det kan vere ein styrke i alt ungdomslagsarbeid at ein har nokon å diskutere med. Gode relasjonar kan føre til fleire prosjekt og aktivitetar på tvers av lokallaga. Styret i Hordaland ungdomslag vil halde fram med å samarbeide med Sogn og Fjordane ungdomslag.

- Gjennomføre årsmøte
- Gjennomføre ringerunde til lokallaga
- Gjennomføre kurs og samlingar der fleire lokallag deltek
- Prioritere økonomisk stønad til lokallagsaktivitetar som går på tvers av lokallaga

### 3. Barn og unge

Barn og unge treng òg å oppleve engasjement og nye relasjonar. Hordaland ungdomslag skal arbeide for å styrke barneaktivitetane i fylket, samt legge til rette for gode møteplassar for barn og unge.

Dette skal fylkeslaget gjere gjennom å

- Arrangere barnestemne saman med Sogn og Fjordane ungdomslag i løpet av 2025.
- Gi økonomisk stønad til barne- og ungdomsaktivitet
- Gi økonomisk stønad til unge som ynskjer å delta på kurs og sommarleir i NU.